



## Informasjonssaker veke 28 (16.07.2021)

Dei faste kommunemøta er avlyst i sommarperioden, dette skrivet inneheld difor ein del informasjon som vi ønskjer å dele med kommunane.

### Innhold

1. Praktisk informasjon.....	1
2. Planlegging av beredskap høsten 2021 .....	1
3. Karantene i eigen bustad og innreisande familie med forskjellig vaksinestatus .....	2
4. Influensavaksine.....	3
5. Bestilling av vaksineutstyr .....	3
6. Nytt frå FHI om koronavaksinasjonsprogrammet .....	3
7. Vekerapport frå FHI .....	3

### 1. Praktisk informasjon

#### Vi minner om:

- Neste planlagte kommunemøte er torsdag 12. august.
- **Rapportering i sommar**

Dei som skal rapportere i sommar søker om å få tildelt rolle på vegner av kommunen, vi godkjenner fortløpande.

<https://rapportering.fylkesmannen.no/Content/Docs/Brukerveiledning.pdf>

Vi minner om at vi gjerne vil få informasjon dersom det oppstår kritiske utfordringar, og at vi vil kunne kalle inn til kommunemøte på kort varsel ved behov.

- **Informasjon frå Statsforvaltaren i sommar**

E-postadresser til tilsette som ønskjer informasjon frå oss direkte på e-post i sommar (i **tillegg** til dei mottakarane som får informasjon i dag), kan meldast inn på nettsidene våre (lenke sendast saman med dette skrivet).

- **Kontaktinformasjon for spørsmål til Statsforvaltaren:**

I samband med ferieavvikling oppmodar vi om å nytte beredskapsadressa vår ved spørsmål:

[sfvberedskap@statsforvalteren.no](mailto:sfvberedskap@statsforvalteren.no).

Vakttelefon: 916 99 098.

### 2. Planlegging av beredskap høsten 2021

Førre veke sendte Justis- og beredskapsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet ut eit brev til statsforvaltarar og kommunar. Brevet viser til revidert langsiktig strategi for handtering av covid-19-pandemien og nasjonal beredskapsplan for smitteverntiltak ved auka smittespreiing.

Revidert strategi og beredskapsplan er publisert på regjeringen.no:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/langsiktig-strategi-for-handteringen-av-covid-19-pandemien2/id2866174/>



## Statsforvaltaren i Vestland

I brevet omtalast det tre ulike scenarier for vidare utvikling av pandemien, og ei oppmoding til kommunane om å gå gjennom beredskapsplanane sine i lys av revidert strategi og beredskapsplan på nasjonalt nivå. Dette for å sikre at ein raskt kan skalere opp beredskap for å handtere alle scenarier dersom det skulle bli aktuelt.

I brevet blir det vist til at kommunane via Statsforvaltar vil få meir konkret informasjon om nødvendig beredskapsnivå framover. Det blir også vist til at Statsforvaltaren vil kontrollere status for kommunane sine beredskapsplanar, vi har så langt ikkje fått ytterlegare informasjon/oppdrag i høve kva dette konkret vil innebere.

Vi vil ta opp igjen temaet igjen etter sommaren.

### 3. Karantene i eigen bustad og innreisande familie med forskjellig vaksinestatus

Bergen kommune har tatt opp ei problemstilling som er relevant for oppfølging av personar i innreisekarantene i andre kommunar:

Spørsmåla frå Bergen gjeld innreisande familiar/par som har forskjellig vaksinestatus, og såleis ulike krav til karantene og opphold på karantenehotell. Særleg knytt til om personar som etter test tatt etter tre dagar på karantenehotell kan reise heim til familien i eigen bustad og gjennomføre resten av karantenen der, eller om resten av karantenetida må gjennomførast på "anna eigna stad" eller på karantenehotell fram til negativ test tatt dag dag sju.

#### Her er avklaringa vi har fått frå Helsedirektoratet:

«Helsedirektoratet vil innledningsvis bemerke at direktoratet skal gi generelle råd og veiledning, og skal fortolke covid-19-forskriften på vegne av Helse- og omsorgsdepartementet. Vi har ikke myndighet til å godkjenne konkrete saker, men kan gi veileddning til regelverket.

Det stilles ikke krav om enerom og at man skal unngå nærbонтakt med andre mv., dersom innreisekarantene kan gjennomføres i egen bolig. Dette er presisert i [revidert rundskriv om karantenehotell](#). Spørsmålene i din første e-post knytter seg derfor opp mot tilfeller der karantene skal gjennomføres på annet egnet oppholdssted.

#### "Reiser sammen"

Det første spørsmålet gjelder tolkningen av "reiser sammen" i covid-19-forskriften § 5 fjerde ledd.

Det følger av bestemmelsen at:

*"Ektefeller, samboere og deres barn kan være i innreisekarantene på samme oppholdssted uten krav til enerom, eget bad og eget kjøkken dersom de bor sammen i hjemlandet og reiser sammen inn til Norge. Tilsvarende gjelder for personer omfattet av § 5 andre ledd bokstav g som reiser med mindreårige."*

Forskriften stiller krav til at man bor sammen i hjemlandet og "reiser sammen inn til Norge". Selv om et av familiemedlemmene gjennomført deler av innreisekarantenen på karantenehotell, vil reisefølget ha reist sammen inn til Norge. Det er derfor Helsedirektoratets oppfatning at den resterende karantenetiden kan gjennomføres på samme oppholdssted, uten krav til enerom, eget bad og eget kjøkken.

#### Vaksinestatus og karantene

Din henvendelse gjelder også spørsmål om hvorvidt vaksinestatus på øvrige husstandsmedlemmer som ikke har vært med på reise, får innvirkning på avstandskravet.



## Statsforvaltaren i Vestland

Dersom innreisekarantene skal gjennomføres i egen bolig, stilles det ikke krav om enerom og at man skal unngå nærbane med andre. Det innebærer at det er uten betydning om øvrige husstandsmedlemmer, som man ikke reiser sammen med inn til Norge, er fullvaksinert eller ikke. Dersom innreisekarantene skal gjennomføres på annet egnet oppholdssted stilles det krav om å unngå nærbane med andre, enerom, eget bad og eget kjøkken eller matservering, jf. § 5 annet ledd bokstav a. De du bor med i hjemlandet, men som ikke har vært med på reisen, vil i praksis ikke oppholde seg på dette stedet, da disse ikke skal gjennomføre karantene. Det er uansett ikke gjort noen unntak fra avstandskravet for fullvaksinerte husstandsmedlemmer som ikke har vært med på reise.

### Avstandskrav i egen bolig

I [revidert rundskriv om karantenehotell](#) står det under punkt 2m) følgende om kravet til egen bolig:  
*"Med egen bolig menes den reisendes hjem. Hvis innreisekarantenen skal gjennomføres der, stilles det ikke krav om enerom og om at man kan unngå nærbane med andre mv."*  
Lettelsene som ble gjort i karantenehotellordningen baserer seg blant annet på "den økende vaksinasjonsdekningen, fallende smittenivåer i Europa, nedgang i andel reisende fra Europa som tester positivt innen 10 døgn etter innreise, samt kapasitetsutfordringer."

## 4. Influensavaksine

Som vi nevnte på det siste møtet før sommaren, oppmodar FHI kommunane til å bestille tilstrekkeleg med dosar av vaksine mot sesonginfluenta komande haust og vinter. FHI forventar at det vert ein kraftigare epidemi grunna lågare immunitet i folkesetnaden, etter to sesongar med låg influensaaktivitet. Det same er forventa dei om RS-virus og kikkhoste. Vi legg ved eit eige brev frå Helsedirektoratet og FHI om vaksinering mot sesonginfluenta, der er det m.a. lenker til nytt informasjonsmateriell. Vi viser òg til artikkel på FHIs nettsider om risikovurdering for luftvegsinfeksjonar til hausten og vinteren: <https://www.fhi.no/nyheter/2021/risikovurdering-for-luftveisinfeksjoner-til-hosten-og-vinteren/>

## 5. Bestilling av vaksineutstyr

Dersom kommunar har behov for ytterlegare vaksineutstyr, bestillast dette direkte frå Helsedirektoratet på e-post til: [vaksineutstyr@helsedir.no](mailto:vaksineutstyr@helsedir.no).

## 6. Nytt frå FHI om koronavaksinasjonsprogrammet

Legemiddelverket har laga artikkel om menstruasjonsforstyrrelser etter vaksine: <https://legemiddelverket.no/nyheter/koronavaksiner-og-menstruasjonsforstyrrelser>  
FHI har også kome med oppdatert informasjon om perikarditt som bivirkning til mRNA-vaksinene: <https://www.fhi.no/nyheter/2021/perikarditt-og-myokarditt-etter-vaksinasjon-med-mrna-vaksiner/>

## 7. Vekerapport frå FHI

I veke 27 låg framleis Vestland lågast i landet målt i antal meldte nye smittetilfelle, men talet er aukande. Auken er i stor grad knytt til tre isolerte utbrot. Vestland ligg framleis mellom dei lågaste i landet også på andel positive prøvar blant dei testa. I dei prøvane som er heilgenomsekvenserte i juni, er alfavarianten framleis i fleirtal, utan at det er ein trend mot auka andel delta foreløpig. FHI forventar likevel at deltavarianten vil bli dominerande på



Statsforvaltaren i Vestland

landsbasis.

Heile rapporten kan lesast her:

<https://www.fhi.no/contentassets/8a971e7b0a3c4a06bdbf381ab52e6157/ukerapport-uke-27-05.07--11.07.21.pdf>